

LENT DAGGRY

tesøvnnen rives i fillebiter
dan menneske-mønster-mas-
er
ser gammel skog til ingenting.
gen blir ikkje den samme uten!

Korleis blir det morgon, undrast
barnet?

Firefelts motorveg er på veg.

Ann-Karin Madsen


Ridabu

■ DAGENS NÆRINGS-LIV MENER

Økonomisk depresjon og medfølgende massearbeidsledig-
het i den skala som nå kan observeres i flere europeiske
land, er et onde. Men det er et stykke derfra til konklusjonen
om at problemet forsvinner bare staten bruker mer penger.

■ DAGSAVISEN MENER

En terroraksjon er en direkte trussel mot det åpne og frie
samfunnet. Da er det desto viktigere å hegne om dette sam-
funnets grunnprinsipper i møtet med terroren. Dette erfarte
også Norge etter 22. juli.



eg frykter at grunnlaget for
Sissel Bergaust.

ILLUSTRASJONSFOTO

inder- feil

målet om fagdirektøren
e vurdert konsekvensen for
avdelingen på Elverum ved
ng av risikofødsle.

deavdelingen på Elverum
jennom de siste årene byg-
pp god fagkompetanse. Det
gt å føde på Elverum. Det er
glig sterk avdeling under le-

SPRÅKÅRET

Språkdronning Vigdís

■ Det er lenge sidan vi har hatt ein felles konge eller ei felles dronning i Skandinavia eller Norden. Men i den grad vi kan seie at vi har ei nordisk språkdronning i dag, må det vere islandske Vigdís Finnbogadóttir.

Vigdís er fødd i april og blei nettopp 83 år ung. Ho feira ikkje i mange dagar; ho heldt nemlig ein tale på landsmøtet til Noregs mållag i Ørsta 19. april og la ned blomstrar på Ivar Aasen-tu-
net.

■ Vigdís Finnbogadóttir var verdas første demokratisk valde kvinnelege president. Som president engasjerte ho seg ikkje minst for islandsk språk og identitet, mens ho i dag blant anna er UNESCO-ambassadør for språkleg mangfald.

Vigdís snakkar både fransk og engelsk, men ho snakkar òg svensk og sjølvstans dansk – med islandsk aksent. Vigdís Finnbogadóttir gjer sjølv eit poeng ut av dette.

Ho er stolt over at ein kan høyre kvar ho kjem frå. Ho kan få ha

sin islandske identitet samtidig som ho kan snakke med alle oss andre i Danmark, Norge, Sverige og delvis Finland. Ho møter naboane sine på deira språk utan å gje opp sin eigen språklege identitet.

Vigdís held på sin islandske kultur, men demonstrerer samtidig at ho er ein del av ein felles nordisk kultur.

■ Vigdís Finnbogadóttir har lært seg fleire skandinaviske sidemål i tillegg til meir framande språk og demonstrerer kor viktig det er med språkleg mangfald.

Vigdís har St. Olavs orden frå Noreg og tilsvarande eller liknande frå Danmark, Sverige, Nederland og Italia. Elles har ho minst 16 æresgradar.

Vigdís Finnbogadóttir ville nok ha vore eit godt dronningemne i mellomalderen. Far hennar, Finnbogi, er kanskje oppkalla etter Finnbogi rammi, eller Finnboge den sterke, ein islending frå 900-talet, som fekk si eiga sogje på 1300-talet, Finnboga saga ramma.

Islendingane kan dette med språkleg og kulturell tradisjon.

■ Vigdís Finnbogadóttir er kanskje Nordens og verdas språkdronning, men vi fekk òg ei norsk språkdronning på landsmøtet til Noregs mållag.

Vossingen Linda Eide fekk målprisen 2013. Trass mykje motgang fordi ho brukte dialekt gav ho ikkje opp og har faktisk klart å bli «kul».

Linda Eide har fått eksponere seg i beste sendetid på TV nettopp på grunn av dialekta si – fordi ho har ein språkleg identitet. Linda Eide er eit førebilete for alle dialektbrukarar.

■ Islendingen og verdskvinna Vigdís Finnbogadóttir og vår eigen Linda Eide er svært forskjellige kvinner og språkbrukarar, men nettopp derfor er dei to utruleg flotte døme på språkleg mangfald.

Jens Haugan